



TysseLand Arkitektur AS  
Strandgaten 19  
5013 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3001 - 18/24986

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

28.11.2018

## Godkjenning - igangsetjingsløyve for heile tiltaket hus 05 B 24 Gbnr 22/166, 173 Mjåtveit

**Administrativt vedtak. Saknr: 321/2018**

**Tiltakshavar:** Mjåtveitmarka B16 AS

**Ansvarleg søkjar:** TysseLand arkitektur AS

**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova §20-1, 21-4 fjerde ledd

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting for heile tiltaket - rekkjehus med 4 bueiningar i Mjåtveitmarka B24 og tilkopling til kommunalt vatn og avlaup.

Kommunen har i vedtak av 03.02.17, DS 23/2017 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad motteken 19.11.18 og supplert 27.11.18.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den vart motteken. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved e-post 27.11.18 der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

- Søknad om tilkopling til kommunalt vatn og avlaup.

Dokumentasjon vart motteke ved e-post frå ansvarleg søkjar 27.11.18.

Ansvarleg søkjar og andre involverte føretak må registrere avvika i sitt internkontrollsystem og treffe tiltak for å unngå gjentakning.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 27.11.18 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

### VURDERING

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Planstatus:**

Eigedomen er i Reguleringsplan for Mjåtveitmarka – planid 125620060002- regulert til bustadområde. Tiltaket er i tråd med reguleringsplanen.

**Nabovarsling:**

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve. Det er ikkje trong for ny nabovarsling.

**Ansvarsrettar:**

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan versjon 2, dagsett 19.11.2018, vedlagt søknaden. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23 - 1.

**Vedtak**

*«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for heile tiltaket – oppføring av bustadbygg rekkjehus\_05 med 4 bueiningar gbnr 22/166, 173 på Mjåtveitmarka, felt B24, jf søknad med vedlegg motteke 19.11.2018.*

*Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.*

*Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan versjon 2, dagsett 19.11.2018, jf pbl § 23-3.*

*Dei opplysningane om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova.*

*Igangsetjingsløyve blir gitt på følgjande vilkår:*

- *Før det blir gitt mellombels bruksløyve/ferdigattest til bygget må det liggje føre bruksløyve til felles utomhusareal i samsvar med utbyggingstakt på utomhusarealet, som vist i vedtak 02/2017, saksnr. 16/3007.*
- *Før det blir gitt mellombels bruksløyve/ferdigattest til bygget må veg 2, som vist i plankartet, ferdigstillast.*
- *Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast. Slik dokumentasjon skal dokumenterast seinast saman med førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest for oppdatering av kommunen sitt kartverk. Meland kommune krev at innmålingsdata blir sendt i KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4/siste versjon).*

*Igangsettingsløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.*

*Tilkopling til offentleg VA-anlegg:*

*Meland kommune godkjenner med heimel i plan- og bygningslova og vass- og avlaupsanleggslova at gbnr 22/166, 173 vert tilknytt kommunalt vass- og avlaupsanlegg for bustadbygg på følgjande vilkår, jf. søknad og kart motteke 19.11.2018:*

- Tilkoplinga skjer på dei vilkår som kommunen har sett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.*
- Alle sanitærinntallasjonar skal følgja standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf.*

Kommuneforlaget.

-Tilkoplinga skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrløysing skal sendast kommunen når tilkoplinga er utført.

-Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. For 2018 er gebyr for tilknytning til offentleg vassanlegg per bueininga er kr 20 000,- + mva og kr 20 000,- + mva for tilknytning til offentleg kloakkanlegg.»

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

\*\*\*\*\*

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

Søknad om sanitærabonnement - nytt abonnement GBNR 22/166,173 hus 05

Søknad om igangsetjingsløyve for hus 05

Søknad om igangsetjingsløyve for hus 5 - epost framside

## Kopi til:

Mjåtveitmarka B16 AS	c/o Tysseland arkitektur AS Valkendorfs-gaten 9	5012	BERGEN
----------------------	--	------	--------

## Mottakarar:

Tysseland Arkitektur AS	Strandgaten 19	5013	BERGEN
-------------------------	----------------	------	--------